

Søknadsinfo:
www.stryn.vgs.no

Vi legg til rette for topp satsing i skiskyting

Våre utøvarar har levert svært gode resultat dei siste åra. Våre elevar har vist at det er fullt mogleg å ta utdanninga si i Stryn og samstundes bli både Noregs, ja, faktisk og verdas beste i skiskyting.

Samarbeidspartnere:



NORGES
SKISKYTTER
FORBUND

Statkraft



INNHOLD

Intro	2-3
Intervju Johannes	4-9
Team og miljø	10-11
Treningsforhold	12-13
Å bu på hybel i Stryn	14-16
Søknadsinfo	17



Vi har tatt ein prat med vår tidlegare elev ved Stryn vgs Johannes Thingnes Bø.
Les intervjuet på dei 5 neste sidene!

Kva synest du om landslinje i Stryn?

Eg var sjølv pådrivar for at vi skulle prøve få til noko her i Stryn. Og det at dei la til rette for oss på den tid og fekk til det tilbodet som dei gjorde då eg gjekk her, så er eg heilt sikker på at ei landslinje vil bli mykje betre enn då eg var her.

Det går frå å vere trent av lærarar, til at det no blir fleire tilsette kun for skiskytinga, og det vil løfte nivået endå høgare. Eg er heilt sikker på at det teamet som blir sett i hop – det er lett å vere patriot og seie at det blir det beste i landet, men eg er sikker på at du ikkje vil finne noko betre enn tilbodet her i Stryn.

“

Det tilbodet som vil komme i Stryn no er eg heilt sikker på vil matche dei beste tilboda i landet. Fordi her får du den ekstra driven og pågangsmotet av det miljøet som er i Stryn, ei fantastisk bygd, og alle støtter alle.

A large circular overlay in the center-left of the slide contains a quote. The background behind the circle shows a scenic view of a lake and mountains under a blue sky.

“
Eg hugsar veldig godt at vi hadde ein trenar i Rune Aaland som både var treneren vår på heiltid og bestekompisen vår. Ei fantastisk tid og fantastisk oppfølging.

Dine beste minne som elev ved Stryn vgs?

Mine beste minne frå vgs var det samhaldet som var på skulen. Det som var spesielt her var at i kvart friminutt møttest alle og åt lunsj i lag. Eg hadde vennane mine på dei ulike yrkesfaga og studiefaga. Dette er det eg hugsar aller best utanom den skiskyttarspesifikke treninga. Mulegheita til å kunne henge med vennar som heldt på med noko anna enn skiskyting.

Kva synest du om treningsforholda i Stryn?

Kjempefin og ny skule, gode fasilitetar. Ein Strynehall som ligg rett over gata, fotballstadion og no kjem det i tillegg ein fleirbruks-hall. Rulleskiløyper på Ullsheim, skiløyper i milevis på fjellet.

Med topp fasilitetar på standplassen og skiløypene så ligg alt til rette heile tida. Det blir opp til oss sjølve når trenrarar og lærarar kjøyre oss til og frå trening heile tida. Det kan ikkje bli enklare.

Treningsforholda i Stryn er på lik linje med det beste som vi finn i Norge og i Europa. Hugsar sjølv da eg gjekk her at det var oppkjøyrde løyper kvar einaste dag. Morgan og kveld så var det preppa. Arvid Hatledal som kjøyrde løypene, han skal ha ei stor takk for det han har gjort.

“

Treningsforholda i Stryn er på lik linje med det beste som vi finn i Norge og i Europa.



“

Når du får Hoven-Loen i tillegg med skiløyper som ligg på ei mellomhøgde, ei fin treningsmulegheit. Eg kjem absolutt til å anbefale å ta med landslaget hit på Via Ferrata, Skåla og med skiløyper på Hoven-toppen, då står ikkje Stryn tilbake for noko. Og i tillegg er det verdas finaste plass, her kan du trene bra og ha det bra med vennar og familie

JOHANNES THINGNES BØ

I mai 2017 opnar Gondolbana Hoven-Loen med restaurant og løypefasiliteter på toppen. Gondolen går frå fjord til fjell på 5 minutter og tar deg opp på 1000 moh.



Hei!

Ein veit kanskje ikkje kor bra Stryn er, det er gjerne litt nytt. Du føler at NTG eller andre meir omsnakka landslinjer gjerne er tryggare alternativ. Det valet stod eg ovanfor sjølv då eg var 15 år, og eg gjekk for Stryn og dei mulegheitene dei kan tilby. I dag er eg sikker på at det har vore riktig veg. Hadde eg fått det tilbodet som no eksisterer, hadde eg ikkje vore i tvil.

Kjempestolt over det ein har fått til her, håper folk ser verdien og mulegheita av å kunne reise til Stryn. Om du må flytte uansett, kvifor ikkje flytte til Stryn?



Hjerteleg velkommen til Stryn vgs, eg er veldig glad og fornøgd med at du har valt det her eller tenker på å velje det. Og så håper eg sjølvsagt at valet blir Stryn for da trur eg det er større sjanse for at vi går på stafettlaget i lag i OL 2022, enten det eller mixstafett jenter eller herrestafett gutter!

Team,
Miljø!



Stryn
vidaregå

“

Miljøet blant skiskyttarane er veldig bra. Vi er ein samansveisa gjeng som dreg kvarandre oppover og gjer kvarandre gode. Alle er glade og fornøgde. Miljøet er endå betre enn kva eg hadde trudd før eg starta her.

KARI ALSAKER

VG1 studiespesialiserande med spissa toppidrett skiskyting



Treningsforhold

- Ullsheim med over 3 km rulleskibane og standplass 30 blinkar. 45 km med løyper.
- Strynehallen 75 meter fra skulen.
- Gym Stryn, treningsstudio på skulen.
- Symjehall 100 meter fra skulen
- Stryn stadion 100 meter fra skulen.
- Hoven Loen med skiløyper fra mars.
- Stryn sommarski 45 minutt fra skulen
- Glimrende treningsområder i forhold til fjell og skogsterreng, med mellom anna barkeløyper til langtur/intervalltrenings.
- Fantastiske fjell for Randonee



“

Ein Strynehall som ligg rett over gata, fotballstadion og no kjem det i tillegg ein fleir brukshall. Rulleskiløyper på Ullsheim, skiløyper i milevis på fjellet.

JOHANNES THINGNES BØE






Nye hybler hausten 2017!

Nye hybler til elever ved landslinje skiskyting er under utvikling og vil stå ferdige hausten 2017.

Meld di interesse allereie no!

Kontakt:



“

Vi har treningsforhold i verdklasse. Mange i miljøet med stor kunnskap slik at ein alltid vår hjelp om det er noko ein lurer på. Her kan du bli så god som du vil.

SIMON KYRKJEEIDE

VG1 studiespesialiserande med spissa toppidrett skiskyting

Søknadsinfo

Om du startar på Stryn vidaregåande skule vil du få 4 økter spesialtilpassa skiskyting kvar veke. Du vil få kompetente trenrarar som kan skiskyting og få trene saman med mange andre skiskytтарar. I samarbeid med Nordfjord Team skiskyting vil du få eit godt tilrettelagt samlingsopplegg og god oppfylging i konkurrancesesongen.

Stryn Vidaregåande skule
Hegrevegen 1
Postboks 158, 6781 Stryn
Tlf: 57 63 86 00
Postmottak.strynvgs@sfj.no
www.stryn.vgs.no



www.stryn.vgs.no